

Mottakarar

Dykkar ref.:
[Your ref.]Vår ref.:
52506845/Varsel oppstartDato:
2025-12-17

Varsel om oppstart av planarbeid/tinging om utbyggingsavtale Detaljreguleringsplan Skifervegen 3, Fagernes

I samsvar med §§ 12-1, 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova vert det med dette varsla om igangsetting av arbeid med utarbeiding av *detaljreguleringsplan Skifervegen 3* på Fagernes, gbnr. 25/287 og del av eigedomane 25/5 og 200/16. I tillegg vert det, jf. § 17-4 i plan- og bygningslova, kunngjort oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for same plan.

Planområdet er regulert i reguleringsplan for Fagernes sentrum frå 1988 (plan-id.: 0542R036) og reguleringsplan for Fagernes sentrum aust frå 1996 (plan-id.: 0542R069). Det vert jobba med ny kommune og kommunedelplan der arealet er foreslått sett av til sentrumsområde.

Norconsult Norge AS gjennomfører planarbeidet for SpareBank 1 Hallingdal Valdres.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for blanda sentrumsfunksjonar, herunder næring/tenesteyting, forretning, kontor og bustad. Det skal leggjast til rette for ei stegvis utbygging, der fyrste byggesteg skal vere tiltaksretta og gje rammer for etablering av eit nytt bankbygg på vel 2.000 m² med tilhøyrande parkering og utomhusareal. Samtidig skal planen ikkje vanskeleggjer seinare utvikling av tomta.

Formålet med ei eventuell utbyggingsavtale er å sikre finansiering og gjennomføring av ny offentleg infrastruktur og grønstruktur.

Planarbeidet er vurdert til ikkje å verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Informasjon om planarbeidet er lagt ut på kommunen si internettadresse: www.nord-aurdal.kommune.no, under kunngjeringar. Referatet frå oppstartmøtet saman med notat der planarbeidet er vurdert opp mot verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar ligg på kommunen si heimeside.

Arbeidet er i oppstartsfasen. Vi er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Nord-Aurdal kommune for handsaming våren 2026. Planen og eventuelt avtaleutkast vert lagt ut til offentleg ettersyn. Planvedtak og avtale vert kunngjort.

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova
- 2) Planomtale som klargjer innhald og planen sine vesentlege konsekvensar i høve til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova
- 3) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Johannes Henrik Myrmel
mob. 454 04 993
e-post: johannes.henrik.myrmel@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult Norge AS
Gamlevegen 6
3550 Gol

Frist for å sende inn merknader er sett til 10. februar 2026.

Med helsing
Norconsult Norge AS

Johannes Henrik Myrmel

Vedlegg: 5